

Sykkylven sokneråd

## **Møte i Sykkylven sokneråd 25. oktober 2018**

Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren kl. 19.00

Til stades: Simen Elias Nordbrønn Myklebust, May Lisbeth Hovlid Aurdal, Bjørg Djupvik Grebstad, Torbjørn Støylen, Ole Petter Solnørdal, Marit Helen Akslen og Knut Henning Aursnes.

Monica Breivik Orre og Janne Svindseth hadde meldt fråfall.

May Lisbeth opna møtet og snakka om kyrkja i ulike situasjonar i livet og kva det vil seie å leve med ei heilag allmenn kyrkje.

Deretter gjekk soknerådet over til å handsame følgjande saker:

### **Sak 34/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Det var to vara på møtet som ikkje hadde fått tilsendt saksdokument. Dette må passast på i framtida. Det er tidlegare vedteke at møtestart er kl. 19.30. Soknerådet ber om at dette vert møtetidspunkt også i framtida.

*Vedtak: Innkalling og sakliste vart einstemmig godkjent.*

### **Sak 35/18 Godkjenning referat frå møte i Sykkylven sokneråd 04.09.18**

*Vedtak: Møtereferatet vart einstemmig godkjent.*


### **Sak 36/18 Innspel til mandat og kommentar til BUF-utvalet**

Sykkylven sokneråd takkar for referat, mandat og det viktige arbeidet som BUF-utvalet har starta.

Soknerådet diskuterte BUF-utvalet sine forslag til kva mandat dei vil ha, kva dei vil og kva slags oppgåver utvalet skal ha i kyrkjelydane.

Soknerådet kom med følgjande innspel:

- 1) Målsetting: Legge til følgjande setning: «Slik at små og store kan kome til ei levande tru og kjenne eigarskap til kyrkja si.»
- 2) Oppgåver, b: Endre setninga: «Når er det på tide å avslutte, evt. tenkje nytt?» til: «Utvalet drøftar kva vi skal halde fram med, eventuelt starte opp eller avslutte». Siste setning strykast, og flyttast til eit nytt punkt g. Oppgåver, e: Avslutte med punktum, ikkje spørsmålsteikn. Oppgåver, g: Leiarar i barne- og ungdomsutvalet kan melde inn saker til utvalet, så kan vi kome med råd og eventuelt ta det vidare til soknerådet.
- 3) Oppnemning, samansetning og funksjonstid: Ingen merknad.
- 4) Møterutinar og rapportering: Ingen merknad.



## Sykkylven sokneråd

I tillegg ønskjer soknerådet å understreke at det er viktig å kunne ulike utval sitt arbeid i forhold til kvarandre, gi kvarandre innspel og drage i lag - som til dømes misjonsutvalet og diakoniutvalet.

Misjonsutvalet sitt mandat seier: «Misjon skal vere ein dimensjon i alt kyrkja er og gjer, for barn, ungdom og vaksne».

Misjonsutvalet har oppfordra sokneråda til å tenke misjon innanfor dei eksisterande tiltaka, framfor å lage nye tiltak for misjon spesielt.

Bispevisitasen gav denne utfordringa: «Misjonsdelen i trusopplæringsplanen er for liten og for lite konkret slik den er no. Dette kan jobbast vidare med».

Fint om leiarar i ulike tiltaka som til dømes:

Famileleir, XLR8, fredagsklubben, søndagsskule, maxigjeng, tweens, konfirmantarbeid, familiemiddagane, sang/korarbeid og gudstenester etterspør innspel frå misjonsutvalet, for å vere med å gi innhald med misjonsperspektiv. Sykkylven kyrkjelyd er medlem i NMS gjennom familiemiddag blant anna. Her er det stoff å hente inn i trusopplæringa. Både stoff og besøk er mulig. Slik kan ein gi kvarandre drahjelp, og skape heilskap i arbeidet.

### **Sak 37/18 Utsmykking av kyrkjestova**

Soknerådet diskuterte ulike innspel og idear til utsmykking av kyrkjestova. Etter ein innhaldsrik og brei diskusjon, vart soknerådet samd om følgjande einstemmige vedtak:

*Vedtak: Marit Akslen vart valt til å lede ei arbeidsgruppe som skal kome med ein plan for utsmykking for kyrkjestova. Ho har fått med seg Monica Breivik Orre. I tillegg spør dei Jarle Slyngstad om han vil vere med. Kyrkjevevjen melder tilbake til soknerådet om tilgjengelege midlar. Arbeidsgruppa melder tilbake til soknerådet når dei har ei skisse eller forslag til plan.*


### **Sak 38/18 Årshjul 2018/2019**

Soknerådet vedtok følgjande årshjul for 2018/2019:

*Vedtak:*

|             |                                                                                                      |
|-------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 25. oktober | Trusopplæring / barne og ungdomsarbeid                                                               |
| 5. desember | Målsetting for neste år / vurdering av halvåret / planarbeid / budsjett / høyringssvar kyrkjeordning |
| Januar      | Valførebuing og utnemning til nominasjonsnemnd                                                       |
| Februar     | Rekneskap og årsmelding                                                                              |
| Mars        | Årsmøte                                                                                              |
| April       | Medarbeidarfest                                                                                      |
| Mai         | Plan for hausten                                                                                     |
| Juni        | Sommaravslutning                                                                                     |

Tilsette og medarbeidarar vert invitert til soknerådsmøta når det er relevante sakar dei kan bidra i.



## Sykkylven sokneråd

### **Sak 39/18    Seniordagen 28.10.2018 - Oppgåvefordeling**

Oppgåver:                Skrive notis til Sykkylvsbladet; ansvarlig staben.  
Programleiar:        Bjørg Grebstad.  
Program:                Musikk/innslag v/Rose Iren Stave. Helsing frå ordførar.

Kyrkjekaffi på kyrkjetorget først, slik at den ikkje blir avlyst pga. seniordagen.

### **Sak 40/18    Kaffi før gudstenestene**

Soknepresten fortalde om forslaget han hadde om å servere kaffi i forkant av gudstenesta for å bruke dette som ein isbrytar for lettare å kome i kontakt med nye kyrkjejengarar.

*Vedtak: Soknerådet ønskjer at soknepresten prøve ut forslaget i praksis for å sjå responsen og resultatet av dette.*

### **Sak 41/18    Utdelingsord ved nattverden**

Soknepresten tok opp med soknerådet kva utdelingsord som skal nyttast ved nattverden. Denne saka vart utsatt til eit seinare møte.

### **Sak 42/18    Evaluering frå Diakoniplanen: Møteplassar som kyrkjekaffi og onsdagsmiddag**

Soknerådet kom med sine erfaringar og tilbakemeldingar ein har fått i samband med møteplassar som kyrkjekaffi og onsdagsmiddag. Soknerådet meiner dette er viktige tiltak som fungerer godt. Dette er eit stort diakonalt arbeid, som involverer mange frivillige. Det er likevel eit ønskje om at endå fleire av dei som kjem vert inkludert og sett av kyrkjelyden.

### **Eventuelt**

HUGS:            28.10.18        Seniordag (tidlegare eldresdag) med middag  
                     27.11.18        Neste møte i soknerådet

Referent: Knut Henning Aursnes